



11 av dei 13 frå 2004-kullet som stilte opp i dag

Det har ofte forundra oss kvar dei unge idrettsutøvarane tar energien frå - slik også i dag under miniputtcupen i Husneshallen som vara i omtrent 10 timar, Men dei heldt ut - tydelegvis utan store problem. Då hadde dei eldre ein minst like hard tørn og ein replikk vi fanga opp frå ein far etter 8 timar var typisk:
- No har vi vore her sidan klokka 10 - og du verden så sliten eg er!



[Uskedal-kolonien på sidelinja](#)

Men all ære til dei som møter opp for å gje sine håpefulle hjelp og støtte. I går galdt det ikkje minst ein solid supportergjeng frå Uskedalen, som stilte med 4 lag.

Så til sjølve cupen som var sesongstart med 27 påmeldte lag i klassane. 2004, 2003 og 2002. UIL mønstra to jentelag frå 2002-årgangen, eitt gutelag frå 2002 og eit mixlag frå 2004 med 10 gutar og 3 jenter.

Faktisk er det så mange som 21 aktive i den sistnemnde stalle og det må karakteriserast som imponerende. Men trenar Roar Musland har ei krevjande oppgåve, for lett kan det ikkje vera å halda styr på 7-åringane til kvar ei tid.

Ikkje skal vi gje dei karakterat for prestasjonar i går, det er for tidleg. Men dei gjorde ein heiderleg innats både mot Trio, Trio Valen og Rosendal. Her ligg det mye god fotball i genene!

Trio avvikla cupen så smertefritt som dei plar gjera.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Uskedals 7-åringar i ein trengt situasjon